

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	8/15	12.02.2015

Høringsuttale - Framtidig skatteoppkrevjarfunksjon**Vedlegg**

- 1 Høringsbrev – overføring av skatteoppkrevingen
- 2 Brev til kommunene 4.12.2014
- 3 Debattnotat - kommunal rapport
- 4 Faktaark - statleggjering av skatteinnkrevjinga
- 5 Oslo Economics - endeleg rapport

Saksopplysningar

Finansdepartementet sendte 04.12.2014 eit brev til kommunane med invitasjon til å kome med høyringsuttale i sak om overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommune til stat, med verknad frå 01.01.2016.

Frist for høyringsuttalen er sett til 2.mars 2015.

Vurdering

Surnadal kommune avgir slik uttale:

Høyring – Forslag om statleg overtaking av skatteoppkrevjaren**1. Innleiing**

Vi viser til høringsbrev av 01.12.2014 og til eget brev frå departementet til Surnadal kommune av 04.12.2014 om at også vi er høringsinstans i spørsmålet om å overføre skatteoppkrevjaren til Skatteetaten.

Forslaget om statleg overtaking av skatteoppkrevjarane har vært oppe fleire gonger før, men aldri fått fleirtal i Stortinget. Vi meiner dagens kommunale løysning er den beste, då den gir svært gode resultat og er ein effektiv organisering av tenesta.

Vi meiner at en statleg overtaking inneber risiko for provenytap, reduksjon av nødvendig kompetanse i vår eigen kommune, og ein uheldig personalpolitikk med fare for tap av nøkkelpersonell.

Vi vil også peike på at spørsmålet om organisering av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å behandle i etterkant av den varsla kommunereforma.

2. Skatteoppkrevjaren er viktig for Surnadal kommune.

Skatteoppkrevjarfunksjonen er viktig for heile vår lokale økonomistyring. Skatteoppkrevjaren inngår i det totale økonomiske fagmiljøet i kommunen, og bidrar med viktig kompetanse. Vår erfaring er at vi fangar opp avvik frå forventa skatteinngang langt raskare enn ein vil klare på nasjonalt plan. Dette gjer at vi kan justere drifta tidligare enn om vi må vente på dei offisielt justerte skattetala.

3. Forslaget inneber ein klar risiko for provenytap

Dagens organisering har ein løysningsgrad som ligger helt i verdstoppen. Vår eigen skatteoppkrevjar har ein løysningsgrad på forskotstrekk på 99,8 prosent. Vi har lita tru på, og ser ingen grunn til at resultata skal bli betre om oppgåva blir utført på sentralt eller regionalt nivå.

Vi vurderer departementets forslag til å innehalde ein klar risiko for provenytap. Dette spørsmålet er utgreidd av Oslo Economics, som har gått gjennom talmaterialet og berekna konsekvensane av endra innkrevjingsprosent.

Berekningane viser at fellesskapet risikerer eit årleg provenytap i området 0,5-1,5 milliardar kroner dersom forslaget blir vedtatt. Utredninga viser vidare at endringar i innkrevjingsgrad på så lite som 0,05-0,15 prosentpoeng vil gjere departementets forslag ulønsamt, sjølv om ein legg til grunn forslaget om bemanningsreduksjon.

Den oppførte bemanningsreduksjonen er heller ikkje særleg sannsynleg. Forventa gevinstar av fagsystemet SOFIE er allereie henta ut. For dei sakene som må behandlast manuelt, og dette vil vere dei same sakene uansett organisering, er lokalt skjønnt eit nødvendig grunnlag for eit godt og riktig resultat. Dette viktige aspektet finn vi ikkje omtalt i høyringsdokumenta.

Innafor samanliknbare område som innkrevjing av arbeidsgjevaravgift og MVA, har den kommunale innkrevjinga gjennomgåande betre resultat enn den statlege, med ein kommunal løysningsgrad på 99,8% mot statleg løysningsgrad på 99,4%. Då det her er snakk om svært store beløp, vil sjølv små forskjellar i løysningsgrad ha merkbar verknad på provenyet til Surnadal kommune.

Den framlagde risikovurderinga av provenytap synes utilstrekkelig og overflatisk. Den tar blant anna ikkje høgde for ovannemnde moment, og gir inntrykk av å være tilpassa eit ønska resultat.

4. Nærleiken til skattesubjekta forklarar dei gode resultata i forskotsordninga og er viktig i kampen mot svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

Vi arbeider proaktivt og preventivt for å sikre at arbeidsgjevarane i Surnadal kommune melder inn riktig grunnlag. Vår kontorkontroll inneber synleg og merkbar aktivitet overfor arbeidsgjevarane. Vi purrar når vi ikkje mottek oppgåver, vi tek kontakt pr telefon når vi ser at dei har meldt inn feil, vi oppsøker dei fysisk og etterspør oppgåver, og gjennom vår arbeidsgjevarkontroll avdekkjer vi det som skulle vore innmeldt. Vi gjer eit viktig preventivt arbeid, som bidrar til at våre arbeidsgjevarar melder inn riktig grunnlag og gjennomfører, bereknar og betaler inn korrekt forskotstrekk, utleggstrekk og arbeidsgjevaravgift.

Det er dette arbeidet og nærleiken til innbyggjarane, kombinert med forskotsordninga, som gir dagens gode resultat.

Vi meiner difor at vår kontakt med innbyggjarane og vår lokalkunnskap i stor grad bidrar både til forskotsordninga sin suksess, og til dei gode resultata for innkreivjing av dei andre skattartane.

Nærleiken til skattesubjekta er også viktig i kampen mot svart økonomi. Vår lokale adresse som kontrollinstans har ein klar preventiv effekt. Dersom skatteoppkreivjaren blir overført til staten, og blir sentralisert, vil avstanden mellom kontrollinstans og kontrollsubjekta auke i vesentleg grad. Mange kommunar og byar vil då ikkje ha igjen nokon kontrollinstans. For Surnadal kommune vil nærmaste kontrollinstans være Kristiansund eller Trondheim. Vi vurderer den auka avstanden som ein betydeleg risikofaktor for auke i svart økonomi og arbeidslivskriminalitet.

I den andre enden av skalaen er det også vår erfaring at nærleiken til innbyggjarane er viktig for å hjelpe dei vanskelegstilte skattytarane; dei som ikkje alltid kan hjelpe seg sjølv eller som av andre grunner ikkje kan ivareta sine egne interesser. Nærvær og lokalkunnskap er viktig også for å forstå og hjelpe dei som treng det mest.

5. Forslaget bør eventuelt heller gå inn som ein naturleg del av kommunereforma

Skatteoppkreivjarane er i dag ein viktig og godt integrert del av vår lokale administrasjon.

Departementet hevdar skatteinnkreivjing ikkje er ein naturleg kommunal oppgåve, blant anna fordi det skal utøvast *«liten grad av skjønn»*. Vi meiner at nettopp muligheita til å utøve lokalt skjønn innafor lovens rammer, er eit viktig bidrag til dei gode resultata våre, og stiller oss difor uforståande til denne påstanden. Vi opplever at nærvær og forståing av dei lokale forholda, bidrar til både lojalitet og legitimitet til skattesystemet.

Forslaget om statleg overtaking kommer midt i arbeidet med kommunereforma. Et uttalt mål i kommunereforma er å *«flytte makt og ansvar til større og meir robuste kommunar»*. Regjeringa seier den vil *«vise meir tillit til lokalpolitikarane og gi kommunane meir handlingsrom. Alternativet ervidaret sentralisering.»* Å gjere skatteoppkreivjaren vår statleg, er difor i strid med dei uttalte måla for kommunereforma.

Stortinget ga sin tilslutning i Prop. 95 S (2013–2014) til retningslinjer for oppgåvefordeling mellom stat og kommunar. Departementet trekker særleg frem punkt 3, om at: *«oppgåver som ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske oppfatninger og lokalpolitiske forhold, og som derfor er kjennetegnet av standardisering, regelorientering og kontroll, bør i utgangspunktet være et statlig ansvar. Dette er derfor i tråd med oppgave- og ansvarsfordelingen som skal vurderes i kommunereformen.»*, og brukar dette som et argument for statleg overtaking nå.

Fleire av dei andre prinsippa, for eksempel punkt 1: *«Oppgåver bør leggjast på lågast mulige effektive nivå.»* er eit argument i den andre retninga, og taler for framleis kommunal organisering. Samla sett er det lite ved skatteoppkreivjarens oppgåver som tilseier at dei, etter desse retningslinjene, klart fell utanfor dei områda som skal behandlast i kommunereforma. Forskotsordninga spesielt, og skatteinnkreivjing generelt, er og bør vere påverka av lokale- og lokalpolitiske forhold.

Etter vårt syn er organiseringa av skatteoppkreivjaren ein naturleg del av den totale gjennomgangen av dei samla oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom stat og kommunar i kommunereforma.

Vi meiner difor det er sær s uheldig å forsere ei avgjerd om dette no, og ber om at spørsmålet blir gjeve ei samla behandling i samband med kommunereforma.

6. Oppsummering

Kombinasjonen av eit irreversibelt forslag, mangelfulle utredningar av gevinstar og klar risiko for provenytap, gjer at Surnadal kommune sterk rår i frå ei statleg overtaking av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016.

Vi meiner dagens løysing gir dei beste resultata og framstår som ei effektiv organisering. Spørsmålet om organiseringa av skatteoppkrevjaren er mest naturleg å behandle i den komande kommunereforma.

Vi meiner forslaget er eit eksempel på uheldig distriktpolitikk fordi nærvær og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saken. Forslaget inneber ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjønnsutøving og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat. Vi meiner Surnadal kommune sjølv har best kompetanse og føresetnad for å samarbeide med, og handtere vårt lokale næringsliv og våre innbyggjarar, innafor høyringa sine område.

Vi vil også kommentere at høyringsdokumenta i svært liten grad gir nokon grunn for at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast. Vi reagerer på at hovudspørsmålet om kvifor overføringa skal skje, i svært liten grad er utgreidd. Dette til tross for at forslaget kan få store negative konsekvensar for Surnadal kommune, og innebere ein risiko for vår likviditet, økonomistyring og økonomikompetanse. Særleg i lys av at ein eventuell statleg overtaking vil vere irreversibel, er vi negative til departementets forslag.

Rådmannen si tilråding

1. Surnadal kommune opplever forslaget om statleg overtaking av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016 som alvorleg og sterkt forstyrrande i arbeidet med kommunereforma.
2. Surnadal kommune sin uttale til forslaget går fram av saksutgreiinga.

Behandling i Kommunestyret - 12.02.2015

Forslag:

Margrethe Svinvik sette fram forslag om at 3. avsnitt under oppsummeringa blir pkt. 3 i kommunestyret sitt vedtak.

Nytt pkt. 3:

Vi meiner forslaget er eit eksempel på uheldig distriktpolitikk fordi nærvær og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saken. Forslaget inneber ei uhensiktsmessig sentralisering, når lokal skjønnsutøving og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat. Vi meiner Surnadal kommune sjølv har best kompetanse og føresetnad for å samarbeide med, og handtere vårt lokale næringsliv og våre innbyggjarar, innafor høyringa sine område.

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

Forslaget frå Margrethe Svinvik vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Surnadal kommune opplever forslaget om statleg overtaking av skatteoppkrevjaren frå 01.01.2016 som alvorleg og sterkt forstyrrande i arbeidet med kommunereforma.
2. Surnadal kommune sin uttale til forslaget går fram av saksutgreiinga.
3. Vi meiner forslaget er eit eksempel på uheldig distriktpolitikk fordi nærvær og lokalkunnskap er spesielt viktig i denne saken. Forslaget inneber ei uhensiktsmessig

sentralisering, når lokal skjønnutøving og lokalkunnskap er mykje av forklaringa på dagens gode resultat. Vi meiner Surnadal kommune sjølv har best kompetanse og føresetnad for å samarbeide med, og handtere vårt lokale næringsliv og våre innbyggjarar, innafor høyringa sine område.